

LAKSEKJER

Fridtjov Dæmring

Ein gamal måte å fanga laks på i elvane er å bruka kjer. At denne måten å ta laksen på har vore i bruk i Vosso er velkjent. Men at laksekjer ogso var i bruk i Bolstadstraumen i lange tider, er vel mindre kjent no.

Eit kjer er ei slags stor ruse som er laga slik at fisken kjem inn, men vanskeleg kjem ut att. Tidlegare vart vel kjera laga av trematerialar, men det kjeret på Straume som eg hugsar, var samansett av jarnstenger og forma som ein stor sylinder. Laksekjeret på Straume stod på ein tillagt plass ytterst på Røysane, ei naturleg samling av større og mindre steinar som ligg som ei rand frå Straumelandet og ut mot midten av straumen der kjeret stod. Denne naturlege kjergarden, som dei kalla han, var og forsterka med lange stokkar av osp som vart bolta fast til steinane. Dette for å leia laksen ut til kjeret som stod for enden av ei oppgrava renne ytterst ute på kjergarden. Heile dette anlegget måtte til vanleg vølast kvar vår før fisket tok til, på grunn av skadar under isløysinga frå Bolstadfjorden. Det kunne ofte vera mykje arbeid. Staden der laksekjer stod, ser ein like innanfor Bolstadstraumen bru, på Straumesida. Sjølve laksekjeret på Straume vart teke på land om hausten for å unngå skadar på det om vintrane. Eg kan godt hugsar at det vart teke laks i kjeret tidleg i 1920-åra. Truleg er det ogso andre stader i Øvre Bolstadstraumen der det er gjort freistnad på å bygga kjer. På Gulløya er det teikn etter eit slikt byggverk, og likeins kan det vera på Nye-Grangane, på austsida av Gulløysundet.

At det vart slutt med å fiska med laksekjer på Straume, skuldast vel at fangsten sjeldan stod i høve til arbeider som vart nedlagt, og kanskje det viktigaste, at det kom ny lakselov som m.a. sette kortare avstandane frå land for faststående fiskereiskapar. Dette gjorde vel slutt på denne fiskeplassen på Straume.